

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 03.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
075/20	Utval for næringsutvikling og drift	11.11.2020

Søknad til Næringsfondet 2020. - Arild Valdersnes - Søknad om hjelp til utvikling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Søknad om hjelp til utvikling» blir tildelt kr 20 000 frå Næringsfondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringsutvikling og drift 11.11.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 075/20 Vedtak:

Prosjektet «Søknad om hjelp til utvikling» blir tildelt kr 20 000 frå Næringsfondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

Føretaket er eit Enkeltpersonføretak. Registrert 04.02.2003. Bransje: 01.410 Melkeproduksjon på storfe. Kjelde: proff.no.

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Søkjær driv gard med sau og geit. Sauene beiter i Stølsheimen og geitene på tusenårsstaden på Radøy (Morkenfjellet) der han eig 40 dekar på toppen. Beitedyra trekker seg no ut over mykje større område i utmark. Morkenfjellet blir no meir attgrodd pga. manglande beiting og det er vanskeleg å få opp gjerde der på lønsamt vis.

Tap av dyr har vore store dei siste åra; 2017: tap på 10 av 91 dyr. 2018: tap på 18 av 98 dyr. 2019: tap på 12 av 65 dyr. 2020 ingen tap på 45 dyr då det vart lånt GPS-bjøller av ein annan bonde og alle dyra vart funnen.

Prosjektleveranse/Målsetting

Søkjær ynskjer støtte til innkjøp av GPS overvakingstutstyr til dyra, noko som er eit viktig hjelpemiddel for å faktisk kunne ha dyr på beite i Stølsheimen framover.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Innreiing, Gardsbutikk	74 000	40 000	20.000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet.

- Prosjektet viser styrking av arbeidsplass i Alver jf. NF vedt. pkt.1 og pkt.2.1.
- Prosjektet stimulerer til ei berekraftig næringsutvikling jf. NF vedt. pkt.2.2.
- Søknaden gjeld i hovudsak nytt utstyr jf. NF vedt. pkt.4.2.

Etter ei samla vurdering ligg ein større del av det omsøkte prosjektet innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast på følgjande vilkår:

- Dokumentasjon på innkjøpt utstyr må vere lagt fram før utbetaling.

Vedlegg i saka:

03.11.2020	Valdersnes_Søknad_21sep2020	1468720
03.11.2020	Valdersnes_Søknad_rev budsjett_6okt 2020	1468721